

Svein Atle Dale
Klubben 2
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/1296 - 21/11185

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
18.02.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 188/312 Gjervik ytre

Tiltak: sommerhage
Byggjestad: Gbnr: 188/312
Tiltakshavar: Svein Atle Dale
Ansvarleg søkjar: Svein Atle Dale

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.02.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplan frå Alver kommune som viser tiltaket og avstand til nabogrenser og til veg må sendast inn.
2. Planteikning av 1.etasje som viser ny terrasse og utviding av kjøkkenet er ikkje målsatt. Det står at utviding av kjøkkenet er ca. 4,5 m på denne teikninga. Du opplyser i søknaden at samla bruksareal på tilbygg er 14,9 m². Vi treng utgreiing på bruksareal og bygd areal på både ny terrasse og utviding av kjøkkenet.
3. Det er ikkje vist utrekning av ny tomteutnytting i høve bruksareal, bygd areal. Avgrensing går på 30% BYA bygd areal i kommunedelplan for Knarvik- Alversund- Alverstraumen.
4. Om tiltaket –utviding av kjøkkenet- skal oppførast i 1.etasje på søyler så er dette påbygg og krev søknad med ansvarsrettar i regi av ansvarleg søkjar/føretak, eller du må søke som sjølvbygger.
5. Avstand frå tiltaket til fylkesveg er ca.18 meter. Dette krev dispensasjon frå byggjegrænse mot veg frå Vestland fylkeskommune om tiltaket nærare vegen enn 50 meter. Søknaden skal handsamast av fylkeskommune, men du søker via vegvesenet sine sider: <https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/langs-veien/soknad-om-dispensasjon-fra-byggjegranser>

6. Det må leggjast ved utgreiing/dokumentasjon på støyforhold eller avbøtande tiltak viss tiltaket kjem nærare fylkesveg, ettersom tiltaket ligg delvis i støysone nivå 2 jf.pkt.2.7.6 kommunedelplanen for Knarvik- Alversund-Alverstraumen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 19.03.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Svein Atle Dale

Klubben 2

5914

ISDALSTØ